

## Til foreldre med ungdomar i Bømlo kommune

**Me som ungdomskontaktar i kommunen ser at ungdom som byrjar å utforske rus stadig vert yngre, at rusmidlane vert fleire og meir tilgjengelege enn før. Haldninga til ulovlege rusmiddel har endra seg dramatisk blant ungdomane våre, særskild ift cannabis. Samstundes som rus- og kriminalitetsbiletet på Bømlo har vorte utfordrande, har det vorte færre stillingar i kommunen i førebyggjande arbeid inn mot ungdom og rus. Me er uroa over denne utviklinga, då dette arbeidet er essensielt for å hindre at ungdomar hamnar i rus og kriminalitet. Me er blitt oppmoda av kollegar og føresette til å gå ut med noko av den informasjonen me får gjennom vårt arbeid til dykk som føresette, i håp om at me saman kan snu denne utviklinga.**

UNG-data undersøkinga på Bømlo 2024, viser at dei fleste ungdomane har det bra og at Bømlo er ein god stad å vekse opp. Samstundes opplev me som ungdomskontaktar ei bekymringsfull utvikling. Når me snakkar med ungdomar om rus, fortel dei at ein skaffar seg rusmidlar over sosiale media, og/eller får tilbod om det i det offentlege rom, ofte i sentrum på Bømlo eller Stord. Ungdom som ikkje søker aktivt, får og tilbod. Dette er ikkje eit vanleg fenomen, og me ynskjer ikkje å skremme, men ein må være klar over, og førebudd på at dette kan skje din ungdom!

Kunnskapen dei har kring tema rus, kjem i stor grad frå sosiale media. På til dømes Tik-Tok, vert dei «positive og kule» sidene med rus, glorifisert. Ungdomar som har prøvd cannabis, fortel at dette ofte har skjedd spontant, utan at dei har reflektert over det i forkant. Dei veit lite om konsekvensar av bruken, eller tenkjer at det ikkje vil råka dei.

Ungdomar me er i kontakt med, fortel ofte heime at dei er på annonserte ungdomsarrangement. I realiteten driv dei med heilt andre ting utanfor og rundt desse arrangementa. Dette skapar falsk tryggleik for foreldra, som trur at ungdomane er på møteplassar for ungdom med trygge vaksne til stades. Ungdomar skal halde fram med å bruke sentrum til shopping, café-besøk, kino osv., men me er uroa for dei ungdomane som hyppig oppheld seg i sentrum utan å ha eit ærend eller ein vaksenstyrt aktivitet å gå til. Me oppmodar om at du som føresett forsikrar deg om at ungdomen din verkeleg er til stades og deltek på arrangementet.

### Føresette si rolle

Forsking viser at foreldre har ei avgjerande rolle i å førebyggje rus og kriminalitet blant ungdom. UNG-data undersøkinga viser og at ungdom på Bømlo lyttar til foreldra sine og føl opp dei forventningane som kjem heime frå. Dette kom også tydeleg fram då me som ungdomskontaktar i 2024 snakka med alle 10. klasse elevar på Bømlo om kva val dei trur dei kjem til å ta i høve alkoholdebut, sett opp mot kva dei heime har forventningar om. **Det var eit heilt tydeleg skilje i svara elevane gav, alt etter kva dei hadde snakka om heime og kva dei hadde av forventingar frå heimane sine.** Føresette som har god dialog med ungdomen sin og set klare grenser, kan førebyggje at ungdomen kjem i uheldige situasjoner.

Det er viktig å ta opp temaet rus når du snakkar med ungdomen din, slik at dei får kunnskap frå fleire hald enn jamaldrande og sosiale media.

**Snakk med ungdomen din om korleis hen har det.**

**Kven er ungdomen din saman med og kva gjer dei på?**

**Kva tenker ungdomen din kring rus?**

**Kva val vil din ungdom ta om ein får tilbod om cannabis?**

**Kjenner hen på press og korleis er det eventuelt å stå imot?**

**Følg med på kva ungdomen din bruker pengar på.**

Nokre ungdomar fortel at foreldra gjer dei alkohol, sjølv om dei er under 18 år. Me veit frå ulike undersøkingar at dette er noko foreldre kan gjere då dei ynskjer å ha kontroll på alkoholinntaket til ungdomen sin. Me forstår at dette er i beste meinings, likevel viser forsking at det ungdommen får frå sine føresette, ofte blir inntatt i tillegg til anna alkohol dei får tak i på eiga hand. Om du sender med ungdomen din alkohol på fest, gjev du eit signal om at det er akseptert at dei under 18 år drikk alkohol. Hjå ungdom er ikkje konsekvenstenking og impulskontroll ferdig utvikla før ein er ca. 25 år. Når ein veit kva alkohol gjer med konsekvenstenking og impulskontroll, er det lett å forstå at rusa ungdom er i høgrisiko for ulykker eller å bli involvert i uønskte hendingar. Forsking visar òg at dei fleste ungdomar er rusa på alkohol første gong dei prøver eit ulovleg rusmiddel.

Eit førebyggjande tiltak er å etablera eit godt foreldresamarbeid i klassen, der foreldra snakkar saman og er einig om innetider og grenser. Klarar ein å snakka om slike ting i forkant, vil det òg vera enklare for foreldre å ta kontakt med kvarandre om ein høyrer eller observerer ting i ungdomsmiljøet som ein vert uroa over. Godt samarbeid kring ungdomane våre, vil gje viktig innsikt og moglegheit til å gripe inn tidleg, dersom noko ikkje er som det skal vere.

Føresette må halde fram med å leggje til rette for at ungdom skal vere saman på gode trygge arenaer på ettermiddagar og i helgene. Det er viktig å inkludere alle, slik at ingen har «henging i sentrum» som fritidsaktivitet. Som rektor på ein av ungdomsskulane i kommunen sa; «tilbakefør felles middag i alle heimar, der ein sit samla rundt bordet og snakkar saman, og inviter andre ungdomar heim!». Foreldrerolla har alltid vore viktig, men no er den viktigare enn nokon gong!

Med venleg helsing

Marianne Lidal og Marianne Undheim  
ungdomskontaktar  
BØMLO KOMMUNE